

Bestillingsskjema for Norgespris

Dersom du ikke har høve til å bestille Norgespris digitalt, bestiller du Norgespris ved å fylle ut og sende dette skjemaet til Tendranett AS per post eller e-post.

Post: Brynallii 66, 5705 Voss

E-post: kunde@tendranett.no

*Ved bestilling av Norgespris gjennom dette skjemaet, gjeld Norgespris fra den datoen bestillingsskjemaet er poststempla, eller fra datoen nettselskapet mottar bestillingsskjemaet dersom poststempel ikke ligg føre. **Norgespris kan tidlegast gjelde fra den 1. oktober 2025.***

Opplysningane til nettkunden (obligatoriske felt er merkte med *)

* Fullt namn (Fornamn og etternamn). Skriv med blokkbokstavar:

* Telefonnummer:

E-postadresse:

* Fødselsnummer (Nummeret består av 11 siffer)

*Anleggsadresse (Adressa der straummålaren er):

* Målepunkt-ID (Nummeret finn du på nettleigefakturaen din og består av 18 siffer. Dei ti første siffera er 70575000, og dei resterande 8 er det unike nummeret ditt):

70575000

Ved å bestille Norgespris stadfestar du at du er registrert som nettkunde på målepunktet, og at du har lese og godtatt vilkåra for Norgespris (på neste side).

Vidare samtykker du til at Elhub, nettselskapet ditt, kraftleverandøren din og andre du har samtykt til, kan behandle opplysningar om forbruket ditt, faktura og annan kundeinformasjon for å utføre oppgåvene deira etter lov og forskrift.

*Signaturen til nettkunden

* Dato

Vilkår for Norgespris

Vilkåra følger av [lov om Norgespris og straumstønad til hushald](#)¹ og [forskrift om Norgespris](#).²

1. Avtalepartar

Avtalen om Norgespris er mellom deg og Tendranett AS.

2. Deltaking

Du som bestiller Norgespris, må ha rett til å delta i ordninga. Følgande nettkundar har rett til å delta:

- Hushaldningskunde: nettkunde på målepunkt som er rettmessig registrert som hushaldningskunde hos nettselskapet.
- Fritidsbustadskunde: nettkunde på målepunkt registrert på privat abonnent og som er rettmessig registrert som hytte og fritidshus hos nettselskapet.
- Bustadselskap med felles hushaldningsforbruk og/eller fritidsbustadforbruk.
- Gards- og grendeverk med hushaldningsforbruk og/eller fritidsbustadforbruk.

Dersom du er usamd med nettselskapet ditt om du har rett til å delta i ordninga, kan du legge saka fram for Reguleringsmyndigheita for energi (RME).

3. Pris

Referanseprisen (Norgesprisen) er 50 øre per kWh inkludert mva.

For nettkundar i Nordland, Troms og Finnmark er referanseprisen 40 øre per kWh, sidan hushaldningskundar i desse fylka er fritatte mva. på straum.

Referanseprisen gjeld fram til og med den 31. desember 2026, med mindre anna kjem fram av lov- og/eller forskrift.

4. Bindingstid

Ved bestilling av Norgespris gjennom skriftleg bestillingsskjema (per post eller e-post), gjeld Norgespris frå den datoen bestillingsskjemaet er poststempla, eller frå datoen nettselskapet mottar bestillingsskjemaet ditt dersom poststempel ikkje ligg føre. Ordninga kan tidlegast gjelde frå den 1. oktober 2025.

Ordninga bind målepunktet ditt (straummålaren) til Norgespris til og med den **31. desember 2026**. Om nokre andre opprettar eit kundeforhold på målepunktet i løpet av bindingstida, gjeld framleis Norgespris ut bindingstida.

Du treng ikkje seie opp Norgespris når bindingstida er over. Du må bestille Norgespris på nytt om du ønsker det etter bindingstida er over.

Du kan ikkje få Norgespris og straumstøtte samtidig på same målepunkt. Du mistar retten til straumstøtte om du har avtale om Norgespris på målepunktet ditt.

5. Avbestillingsrett

Du kan avbestille Norgespris inntil 14 dagar frå avtala om Norgespris gjeld (jf. punkt 4). Dersom du bestiller Norgespris før den 1. oktober 2025, gjeld avbestillingsfristen frå og med den 1. oktober 2025.

Dersom du ikkje har høve til å avbestille gjennom den digitale bestillingsløysinga, skal du sende eit skriftleg avbestillingsskjema (per post eller e-post) til nettselskapet. Avbestillinga gjeld frå den datoen avbestillingsskjemaet vart poststempla, eller frå den datoen nettselskapet mottaravbestillinga dersom poststempel ikkje ligg føre.

Dersom du avbestiller innan fristen, fell retten til Norgespris bort for dagane før du avbestilte avtalen.

Dersom referanseprisen blir endra i løpet av prisperioden, har du rett til å avbestille Norgespris i inntil 14 dagar frå ny referansepris trer i kraft.

6. Betaling og fakturering

Ved å bestille Norgespris godkjenner du at nettselskapet kan krevje inn og betale ut netto prissikringsbeløp. Prissikringsbeløpet er det beløpet som blir lagt til eller blir trekt frå nettleigefakturaen din.

Prissikringsbeløpet blir berekna ved å multiplisere prissikringsverdi med forbruket ditt opp til forbrukstaket i alle timar i månaden det blir fakturert nettleige for. Nettselskapet skal berekne prissikringsbeløpet per time basert på målt straumforbruk og referansepris slik:

- A. I forbrukstimar med elspotpris over referansepris skal nettkunden få eit tilskot tilsvarande elspotpris trekt frå referansepris, multiplisert med forbruket. Berekninga skal ta omsyn til mva.
- B. I forbrukstimar med elspotpris under referansepris skal nettkunden betale eit beløp tilsvarande referansepris trekt frå elspotpris, multiplisert med forbruket. Berekninga skal ta omsyn til mva.

For nettkundar utan timesmåling skal nettselskapa ved berekning av prissikringsbeløp bruke forbruksprofil fastsett av Elhub, og summere desse slik at dei får ein timesverdi.

Om du skylder nettselskapet prissikringsbeløp, kan nettselskapet korrigere det skuldige beløpet mot framtidige utbetalingar av prissikringsbeløp. Dersom du har prissikringsbeløp til gode og nettselskapet manglar betalingsinformasjonen din, kan nettselskapet korrigere prissikringsbeløp til gode mot framtidig nettleige eller prissikringsbeløp. Nettselskapet kan ikkje korrigere mot tidlegare ubetalte krav på nettleige.

7. Forbrukstak

Norgespris gjeld opp til eit fastsett forbrukstak per måned. Forbrukstaket er for:

- Hushaldningskunde: dei første 5 000 kWh per måned per målepunkt.
- Fritidsbustadskunde: dei første 1 000 kWh per måned per målepunkt.
- Bustadselskap: dei første 5 000 kWh per måned per bueining og dei første 1 000 kWh per måned per fritidsbustad i bustadselskapet.
- Gards- og grendeverk: dei første 5 000 kWh per måned per hushaldning og dei første 1 000 kWh per måned per fritidsbustad tilknytt gards- og grendeverket.

Om du overstig forbrukstaket betaler du den prisen som er avtalt med straumleverandøren din for forbruket over forbrukstaket. Om du har leveringspliktig kraftleveranse, [gjeld forskrift om kraftomsetning og nettenester § 2-1a](#).

8. Rapporteringsplikt og fordeling av prissikringsbeløp

8.1 Spesielt om bustadselskap

Bustadselskapet må utan ugrunna opphald rapportere til nettselskapet dersom:

A: Meir enn 20 prosent av oppvarma areal blir nytta av andre enn hushaldningane og/eller fritidsbustadene til bustadselskapet. Rapporteringa skal vise kor stor del av arealet som blir nytta av andre.

B: Det samla hushaldningsforbruket i eit bustadselskap overstig 5 000 kWh per bueining i bustadselskapet per måned, eller overstig 1 000 kWh per fritidsbustad i bustadselskapet per måned.

Ved slik informasjon skal nettselskapet korrigere prissikringsbeløpet på første moglege faktura. Ved informasjon etter bokstav a skal nettselskapet gjere ei forholdsmessig justering av prissikringsbeløpet. Ved informasjon etter bokstav b skal nettselskapet justere prissikringsbeløpet slik at det ikkje overstig 5 000 kWh per bueining i bustadselskapet per måned og/eller 1 000 kWh per fritidsbustad i bustadselskapet per måned.

Bustadselskapet skal sørge for at prissikringsbeløpet blir fordelt på hushaldningane og/eller fritidsbustadene til bustadselskapet.

8.2 Spesielt om gards- og grendeverk

Nettkunden i tilknytingspunktet mellom nettselskapet og gards- og grendeverket må utan ugrunna opphald rapportere til nettselskapet:

- antal hushaldningar og fritidsbustader bak målepunktet til gards- og grendeverket som ikkje får straumstøtte for hushaldningsforbruk gjennom andre støtteordningar
- adresse til kvar hushaldning og fritidsbustad
- samla hovudsikringskapasitet i gards- og grendeverket
- Eventuelle endringar i punkta over.

Nettkunde i tilknytingspunktet skal sørge for at prissikringsbeløpet i sin heilskap blir fordelt på hushaldningane og fritidsbustadene tilknytt gards- og grendeverket basert på forbruk og forbrukstak.

9. Korrigering og tilbakebetaling av feilaktig fakturert prissikringsbeløp

Nettselskapet skal korrigere feilaktig fakturert prissikringsbeløp på første moglege faktura. Nettselskapet kan krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalt og feilaktig innbetalt prissikringsbeløp inntil seks månader frå utbetalinga/innbetalinga vart gjennomført.

Reguleringsmyndigheita for energi kan gjere vedtak om stans i vidare utbetaling eller tilbakebetaling av fakturert prissikringsbeløp dersom ein nettkunde er urettmessig mottakar eller har fått feilaktig prissikringsbeløp.

10. Justering og opphøyr av Norgespris av omsyn til kraftsituasjonen

Energidepartementet kan gi forskrift om opphøyr og justering av Norgespris av omsyn til kraftsituasjonen.

11. Tilsyn og kontroll med ordninga

Reguleringsmyndigheita for energi fører tilsyn med ordninga.

12. Endringar i ordninga

Det blir tatt atterhald om at det kan førekomme endringar i regelverket for Norgespris. Ved motstrid mellom desse vilkåra og lov og forskrift, gjeld lov og forskrift.

13. Om forholdet til andre regelverk

Avtale om Norgespris er ikkje eit forbrukarkjøp etter forbrukarkjøpslova.